



STIFTINGA FOLGEFONNSEENTERET  
Skålafjæro 17  
5470 ROSENDAL

Dato: 22.12.2016  
Vår ref.: 2016/6677-79  
Saksbehandlar: tonhaug  
Dykkar ref.:

Att. Karen Løvfall Våge

## Større kulturprosjekt med regional verdi hausten 2016 - Underretting om vedtak

Vi viser til dykkar søknad om tilskot til – Utstilling Folgefonndenteret – stasjon om bygdene og kulturlandskapet.

Kultur- og ressursutvalet handsama søknaden i politisk sak 168/16 på møte den 06.12 d.å. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

### Grunngjeving:

Ved søknadsfristen 01.09.2016 var det kome inn 40 søknader. Samla søkesum var om lag 4 millionar kroner. Det var totalt 407.000 kr til fordeling under Større kulturprosjekt med regional verdi - hausten 2016. Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedtatt.

Det kom inn mange gode søknader og med svært avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritere strengt. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekne retningslinjer.

Individuell grunngjeving: Dette er ein del av den faste utstillinga på Folgefonnsenteret, som Hordaland fylkeskommune har løyvd midlar til frå andre fagfelt. Ein ser såleis ikkje å kunne prioritere reine kulturmidlar til dette føremålet i denne søknadsrunda.

Denne individuelle grunngjevinga er sitert frå vedlegget til den politiske saka. I vedlegget er kvar søknad presentert kort med fylkesrådmannen sine innstillingar. Det er viktig å ikkje ta kvar enkeltkommentar som ei fyldestgjerrande forklaring/grunngjeving for tilsegn eller avslag, men som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot retningslinjene, intensjonen bak ordninga og samla søknadsbunke.

For oversikt over tildeling sjå politisk vedtak, saksframlegg og vedlegg.  
<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=430>

### Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de tok imot melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) merka med *Klage - saksnummer*. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B. Skaar  
utviklingsjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*